



Møtebok for Ulvik fjellstyre

Stad: Hardanger Energi, Ulvik
Dato: 07.06.22
Klokkeslett: 19:00 – 21:30

Tilstades på møtet

Medlemer:

Knut Sygnestveit, Stig Yngve Røkenes, Atle Ulgenes, Kåre Olai Solheim, Johannes Sponheim

Sekretær:

Ole Rune Røkenes

Saker til styremøtet:

12/22: Meldingar

13/22: Avvikling av Forsvaret sin installasjon "Linken" Dyrhaugane

14/22: Nytt naust v/Kvilinganutvatnet, ny utedo Dyrahola

15/22: Utsetjing av fisk 2022

16/22: Aktivitetsplan 2022

17/22: Orientering v/styreleiar

18/22: Orientering v/sekretær

19/22: Eventuelt

Publisert 16.06.2022

Underskrifter

Me stadfestar at møteboka er rett:

Knut Sygnestveit

Stig Yngve Røkenes

Atle Ulgenes

Kåre Olai Solheim

Johannes Sponheim

Kopi til

- Fjellstyremedlemmer
- Varamedlemmer
- Fjellstyra på Hardangervidda as
- Fjellstyra kring Hardangervidda
- Statskog SF, Storgata 64 A, 2609 Lillehammer

12/22: Meldingar

Saksdokument:

Postjournal 2022:

- 2022.01.28-145.4.Ulvik fjellstyre - Søknad til Grunneigarfondet 2022 - fiskeutsetting
- 2022.02.14-001.3.Statskog - Vidaresending av varsel om oppstart av felles sti- og løypeplan Hardangervidda
- 2022.02.17-434.4. Ulvik herad - Kopi av skuterløype Finse-Slirå, Øystein Os Simonsen
- 2022.02.17-434.4. Ulvik herad - Kopi av skuterløype Storurdi-Finse , Erling M Nesbø
- 2022.02.21-001.5 Villreinutvalet - Høyring villreinkvote og tiltak Hardangervidda 2022
- 2022.02.21-430 Skarverennet - Invitasjon til Finsemøtet 2022
- 2022.02.24-434.4. Ulvik herad - Kopi av skuterløype til Hallingskeid - Harald Gårdsvoll
- 2022.02.25-434.4 Harald Gårdsvoll - Søknad om kjøreløype for snøskuter vinteren 2022 Osa-Hallingskeid
- 2022.02.28-434.4.Løype motorferdsle - Harald Gårdsvoll
- 2022.02.28-001.4 Ulvik fjellstyre - Oversending av vedtak etter fjellova § 28
- 2022.02.28-652.1 Ulvik fjellstyre - Søknad om fiskeslepp 2022
- 2022.02.28-141.9 Ulvik fjellstyre - Svar på søknad om støtte til 40-årsmarkering for Hardangervidda nasjonalpark
- 2022.03.01-001.5 Villreinutvalet - Invitasjon til vårmøtet 2022
- 2022.03.03-434.4. Ulvik herad - Kopi av skuterløype Finse-Såta , Grethe Teigland
- 2022.03.04-33 Villreinutvalet - Referat frå informasjonsmøte om bruk av salt til beitedyr i Hard.vidda-sonen 2022
- 2022.03.07-001.5 Villreinutvalet - Innkalling til årsmøte i villreinutvalet
- 2022.03.07-001.2 Viken fylkeskommune - varsel om oppstart felles sti- og løypeplan Nordfjella med Raudafjell
- 2022.03.09-001.5 Ulvik fjellstyre - Høyringssvar villreinkvote og tiltak Hardangervidda 2022
- 2022.03.14-434.4 Ulvik herad - Oversending av søknad om motorferdsel (DNT) til uttale
- 2022.03.14-434.4 Ulvik fjellstyre - Uttale til søknad om motorferdsel (DNT)
- 2022.03.17-434.4 Ulvik herad - Kopi av skuterløype Finse - Høgda - Henriette Rolland
- 2022.03.17-434.4 Ulvik herad - Kopi av skuterløype Finse - Fokstova - Tor Grini
- 2022.03.17-434.4 Ulvik herad - Kopi av skuterløype - vedlikehald av DNT-hytte
- 2022.03.24-145.9.Ulvik fjellstyre - Søknad til Hardangerstiftinga 2022 - naust Kvilinganutvatnet
- 2022.03.24-434.4 Ulvik fjellstyre-Førespurnad om rapport om bruk av snøskuter på Ulvik statsallm vinteren 2022 (DNT)
- 2022.03.29-434.4 Ulvik herad - Kopi av skuterløype Finse - Lågheller - Henni og Erik Urdal
- 2022.03.29-434.4 Ulvik herad - Kopi av skuterløype Finse - Lågheller - Nina Luhr
- 2022.03.30-434.4 Ulvik herad - Kopi av skuterløype Finse - Grjotrust - Arne Os
- 2022.03.30-434.4 Ulvik herad - Kopi av skuterløype Finse - Sandå - Grete Bakke Persson
- 2022.03.31-434.4 Ulvik herad - Kopi av skuterløype Storurdi - Finse - Herman Gullhagen
- 2022.04.01-434.4 Helge Sygnestveit - Søknad om løype motorferdsel
- 2022.04.02-001 Villreindrådet - Invitasjon til Villreindrådets fagdag 2022
- 2022.04.06-434.4 Ulvik fjellstyre - Løype motorferdsle - Helge Sygnestveit
- 2022.04.07-434.4 Ulvik herad - Kopi av skuterløype Osa - Hallingskeid -Christian R-Utne

2022.04.08-434.4 Ulvik fjellstyre - Løyve motorferdsle - Ulvik Røde Kors Hjelpekors
2022.04.08-127 Ulvik fjellstyre - Oversending av rekneskap 2021
2022.04.08-434.4 Christian R-Utne - Søknad om løyve motorferdsel
2022.04.08-434.4 Ulvik fjellstyre - Løyve motorferdsle - Christian Utne
2022.04.08-434.4 Heine Tjoflot - Søknad om løyve motorferdsel
2022.04.11-434.4 Ulvik fjellstyre - Løyve motorferdsle - Heine Tjoflot
2022.04.12-001.4 Ulvik herad - Fråsegn til vedtak etter fjellova § 28 om garnfiske utanbygds Langavatnet
2022.04.12-434.4 Ulvik herad - Kopi av landingsløyve - Skarverennet 2022
2022.04.26-36 Statskog - Oversending av søknad om fasadeendring ved omgjerung av vindauge
2022.04.26-145.4 Statskog - Fordeling av midler fra Grunneierfondet 2022 - avslag (fiskeutsetting)
2022.04.27-145.4 Statskog - Fordeling av midler fra Grunneierfondet 2022-tilsagn (oppgradering fjellstyrehytter)
2022.05.02-011.3 Fjellstyresambandet - Invitasjon til landsmøte 2022
2022.05.05-652.Løyve til fiskeslepp 5 vatn. Svar frå Vestland fylkeskommune
2022.05.06-001.5.Melding om vedtak - Jaktkvote villrein Hardangervidda 2022
2022.05.11-022 Referat frå møte i FH - Eidfjord 01.04.22
2022.05.24-145.9. Svar på søknad frå Hardangerstiftinga 2022 – Tildeling av midlar til naust Kvilinganutvatnet
2022.05.31-362.1. Avvikling/omdisponering av bygningar Linken, Dyrhaugane. Forespurnad frå Statskog
2022.06.02-011.5. Invitasjon til styremøte og generalforsamling i Fjellstyrene på Hardangervidda. 14.06.2022

Referat:

Det var ingen merknader. Meldingane vart teke til orientering.

13/22: Avvikling av Forsvaret sin installasjon "Linken" Dyrhaugane

Saksdokument:

- Forespurnad frå Statskog – Uttale/merknader frå Ulvik fjellstyre innan 20. juni 2022.
- Foto av installasjonen – Bunker og sikringshytte.

Saksutgreiing:

Statskog har motteke henvending frå Forsvarsbygg vedr. Linkstasjonen på Dyrhaugane, Ulvik statsallmenning. Dette vil seia bunker, sikringshytte og kabeltrasse. Stasjonen er ikkje lenger i bruk. Forsvarsbygg tilbyr Statskog å overta bunkeren, alternativt vert den teke ned. Telenor ynskjer å overta kabeltrasse for oppsett av ny installasjon. DNT (Den norske turistforening) ynskjer å overta sikringshytta. Hytta ligg ca. 1 times gange vest av Finse, nær turistvegen frå Finse til Rembesdalen.

Statskog ber Ulvik fjellstyre **innan 20. juni 2022** om uttale evt merknader jf. Fjellova §12 (grunnDisponering) på fyljande:

- Bunkeren vert teke ned og Telenor får setje opp ny antenne/installasjon.
- DNT overtek sikringsbua.

Framlegg til vedtak:

Inga framlegg til vedtak.

Referat:

- Ulvik fjellstyre støttar Statskog sitt framlegg om at bunkeren på Dyrhaugane vert teken ned.
- Ulvik fjellstyre støttar Statskog sitt framlegg om at Telenor overtek kabeltrasse med tanke på ny framtidig installasjon på Dyrhaugane. Ei eventuell ny mobilmast vil bedra telefondekninga vesentleg vestover og innover mot Osafjellet.
- Ulvik fjellstyre ynskjer ikkje at DNT overtek sikringsbua med tanke framtidig utleige. Området ligg innanfor villreinområde og er frå før under stort press med tanke på ferdsel.
- Ulvik fjellstyre kan vera interessert i å overta sikringsbua til eige bruk. Styret ynskjer fleire opplysningar om hytta. Sekretær kontaktar Statskog.

14/22: Nytt naust v/Kvilinganutvatnet, ny utedo Dyrahola

Saksdokument:

- Tildeling av midlar frå Sparebankstiftinga Hardanger: Nytt naust ved Kvilinganutvatnet.
- Tildeling av midlar frå Grunneigarfondet: Ny utedo i Dyrahola

Saksutgreiing:

Ulvik fjellstyre er (iht søknad) den 24.05.2022 tildelt midlar frå Sparebankstiftinga Hardanger til oppføring av nytt naust ved Kvilinganutvatnet. Det gamle er i særers dårleg stand.

Ulvik fjellstyre er (iht søknad) den 27.04.2022 tildelt midlar til oppføring av ny utedo i Dyrahola. Noverande bygg er i særers dårleg stand. Utedo står ca. 30 meter frå hytta i Dyrahola.

Då begge arbeida inneber planlegging, ber ein om at Ulvik fjellstyre tek stilling til om arbeidet heilt/evt delvis skal gjerast sommar/haust 2022. Om ein vel å vente til 2023, må fjellstyret søkje om utsetjing for nytting av dei tildelte midlane.

Framlegg til vedtak:

Inga framlegg til vedtak.

Referat:

- Naust Kvilinganutvatnet: Arbeidet er omfattande og krev planlegging. Det er pr no mykje snø att i fjellet, ein veit ikkje kor mykje tid ein får til rådigheit i sommar/haust. Styret ynskjer kun at det gamle naustet vert rive sommar/haust. Det vert søkt om utsetjing for nytting av tildelte midlar.

- Ny utedo Dyrahola: Riving og bygging av nytt. Det er mykje snø att i fjellet og ein veit ikkje pr no kor mykje tid ein får til rådighet i sommar/haust.
- Fjelloppsynet fylgjer opp begge arbeida og ser på moglegheit for gjennomføring.

15/22: Utsetjing av fisk 2022

Saksdokument:

- Løyve frå Vestland fylkeskommune - Utsetjing av aureyngel i Ulvik statsallmenning 2022.

Saksutgreiing:

Ulvik fjellstyre har fått løyve frå Vestland fylkeskommune om utsetjing av totalt 1350 aureyngel i Ulvik statsallmenning i 2022. Det er gjeve løyve til utsett i 5 vatn (ref søknad) slik: Kvannjolvatnet 250 fisk – Fløyelsvatnet øvre 250 fisk – Fløyelsvatnet nedre 250 fisk – Reipstjønane austre 300 fisk – Reipstjødneane 300 fisk. Grunna avstand til vatna vil utsett i Kvannjolvatnet og Fløyelsvatni øvre og nedre verta gjort med helikopter. Det er søkt om løyve til helikoptertransport hjå Ulvik herad. Utsett i Reipstjønane vil verta gjort med båt via Langavatnet og deretter til fots inn til vatna. Det er bestilt fisk hjå Statkraft, setjefiskanlegget i Simadal, Eidfjord. Arbeidet vert utført i byrjinga av august månad, avhengig av vær- og istilhøve på vatna.

Framlegg til vedtak:

Inga framlegg til vedtak.

Referat:

- Snøtilhøve og eventuelt sein sommar i fjellet vil kunne påverke tidspunktet for utsetjinga.

16/22: Aktivitetsplan 2022

Saksdokument:

Aktivitetar kort oppsummert (sidan sist styremøte 21.02.22):

- Mars: Hardangervidda fjelloppsyn - Runde på alle hytter. Innkjøring av ved og gass/ utstyr.
- April/mai: Lagt nytt golv i Sankebu, Austdalen. Noko arbeid gjenstår.
- Mai: Ny båtmotor og bensin er kome inn til Søre Grøndalsbu. 10 l beis til Ripsebu.

Referat:

- Det gjenstår arbeid med nytt golv i Sankebu. Leiar fylgjer opp.

- Fjelloppsynet lagar oppheng for båtmotor i vedbua i Søre Grøndalsbu. Fjelloppsynet lagar informasjonsplakat på riktig bruk av båtmotoren.

17/22: Orientering v/styrelrar

Saksdokument:

- Innkalling til styremøte og generalforsamling i fjellstyra på Hardangervidda.

Orientering v/styrelrar:

- Styremøte og generalforsamling i fjellstyra på Hardangervidda, tysdag 14.06.2022 i Odda.
- Finse Forum. Teamsmøte 27.05.2022.
- Prosjekt Tinnhølvengen 2022.

18/22: Orientering v/sekretær

Saksdokument:

- Villreinnemnda for Hardangerviddaområdet. Kvotvedtak, jakta 2022.
- Villreinnemnda for Nordfjella. Kvotvedtak, jakta 2022.

Orientering v/sekretær:

- Oppstart for ny sekretær/fjelloppsyn Ulvik fjellstyre 1. mai 2022.
- Hardangervidda fjelloppsyn – organisasjon, aktivitetar framover.
- Villreinjakta 2022. Kvotvedtak, søknad, tildeling, kortsal.
- Småviltjakta 2022. Jaktsoner, søknad, tildeling, kortsal. Smårovviltkortet.
- Fiske 2022. Garnkortet for utanbysbuande. Fellesfiskekortet (prisjustering).
- Fiskeslepp 2022. Utførast i byrjinga av august avhengig av vær- og istilhøve.
- Mogeleg arbeid på Osafjellet ifm istandsetjing av bygg v/Kvilinganutvatnet og Dyrahola.

19/22: Eventuelt

- Drøfting rundt ny-rekruttering til jakt, fiske og interesse for fjellet. Styret ynskjer å sjå på mogelegheita for å arrangere villmarksleir for ungdommar. Dette har vore gjort tidlegare med god oppslutnad og gode tilbakemeldingar. Sekretær ser på mogelegheita for å få dette til, gjerne saman med andre fjellstyre.

